

Fotspor

Det er i dag stort fokus på klima og miljø, og dei klima- og miljøfotspor me kvar dag set etter oss. Høgare temperaturar, ørkenspreiing, smeltande brear, stigande havnivå, ekstremver, mikroplasforureining, forpesta luft i storbyane, aukande luftvegsplager osv osv. Politikarane snakkar om korleis me kan løysa problema, men dei klarar ikkje ein gong å bli samde om årsakene. Difor blir løysingsforslaga mange og sprikande, og til dels umulege å realisera.

Vanlege folk veit mest ikkje korleis dei skal reagera. Nokon er redde, nokon er likegyldige, nokon er handlingslamma, nokon nektar for at problema er menneskeskapte og kallar det for naturlege variasjonar, men enkelte idealistar eller eldsjeler står på barrikadane og ropar at det er på tide å gjera noko. Me må vakna og ta ansvar før det blir for seint. 10 år gjev FN sitt klimapanel oss om me skal bli berga frå katastrofeoppvarminga på to prosent.

Er det kanskje slik at me blir nøydde til å ofra noko om me skal berga klimaet og endra dei fotspora me i dag set? Tar me åtvaringane alvorleg, eller opplever me det som kan henda om 20-30-40 år som noko som er så usikkert at det ikkje angår oss. Dessutan får me ofte høyra at klimaendringane er komne så langt at dei ikkje lar seg stoppa, eller at vår innsats berre blir ein ubetydeleg dråpe i det kjempestore havet som ligg svært langt frå vår stovedør. I tillegg må me hugsa på det skrikande behovet for meir gass med tilhøyrande galloperande prisar, som fyller opp den norske statskassa.

Flyttar me problemstillinga over på det mellommenneskelege plan, så må me vel innrømme at me først og framst ønskjer å investera tid og pengar i noko som er bra for oss sjølv, som støttar vårt ego og vår lommebok, og me trekkjer oss gjerne ut når me opplever at det gir best gevinst. Børsideologien er nok ikkje framand for nokon av oss.

Frihet er tidas slagord, og det dreiar seg ikkje om frihet frå svolt, kulde og undertrykking, men frihet til å gjera det eg vil når eg vil, eller kanskje frihet frå alle bindingar. Men kva fotspor set me då?

Er det ikkje slik at total frihet er umuleg. Den engelske diktaren G.B. Shaw har sagt: «Frihet betyr ansvar. Det er grunnen til at de fleste frykter den». Han har eit svært viktig poeng. Den som er fri, får ansvar for dei val han gjer, og- seier moralfilosofen Immanuel Kant: Mennesket er berre fritt når det tar andre sin frihet på alvor, er moralsk ansvarleg. Kant kallar det for plikt, eit ord som skurrar i mange sine øyro i dag. «Det du vil at andre skal gjera mot deg, det skal du gjera mot dei», er slagordet som kapellanen les på kvart logemøte. Dette

kravet hevdar at ingen kan leva for seg sjølv og påstå at han er fri, for vil me vera frie menneske, må me tenkja over kva det vil seia å vera medmenneske, i ordets vidaste tyding, og ta ansvar for korleis me trør og dei spor me set.

Kva var så poenget med miljøfotsporproblematikken? I dette store, verdsvide perspektivet, der me på mange måtar kjenner oss ramma av ein ustoppeleg lagnad som me føler oss rimeleg hjelpelause overfor, er stemma som kviskrar at lagnaden nyttar det ikkje å gjera noko med, lett å bruka som orsaking. Kva hjelper det klimaet om eg kjører el-bil? Berre storpolitikk kan hjelpa oss ut av det hjørna me har malt oss inn i på kloden vår.

Kor mykje enklare er det ikkje på det personlege planet der me alle veit at me kan velja å gjera ein innsats for vår bror og neste, me kan velja å vera litt mindre sjølvopptekne, me kan velja å seia nei til likegyldigheten, me kan velja kva fotspor me vil setja.

«Han åd, han drak, hans støvlehæle gik han skieve.

Han ingenting bestille gad.

Til sidst, han gad ei heller leve» er diktaren Johan Herman Wessel si gravskrift over seg sjølv.

Viss han var logebror, ville me kanskje våga å seia at ei slik livshaldning strir mot dei ideal logen står for. Nei, heller:

Døyr fe,

Døyr frendar;

Døyr sjølv det same.

Men ordet om deg

Aldri døyr,

Vinn du eit gjætord gjævt- som Håvamål uttrykkjer det.

Kva ettermæle ønskjer me eigentleg, kva gravskrift vil til slutt stå over våre liv?

Kanskje kan eit dikt av Inger Hagerup gje oss noko å tenkja på:

Vær utålmodig menneske!

Langsamt blir allting til.
Skapelsen varer evig.
Mørket ble lys og lyset ild,
og mennesket våknet en dag og sa:
Jeg vil.

Langsamt blir allting til.
Langsamt seiler vår jord mot en ukjent havn.
Ingen kan måle vår fremtid, og ingen kan gi den navn.
Men dette vet vi, at vi er med på å skape

det evige livet, skape det ondt eller godt.
Vi vil ikke tape.
Vi vil ikke miste den ilden vi en gang har fått.

Mange var veiene. Det bar galt avsted.
Styrken ble makt og makten vold. Og mennesker
trampet hverandre ned.
Men alltid var drømmen den aller ytterste virkelighet.

Langsamt blir allting til.
Det haster, det haster. Det kan gå galt igjen.
Hva er det vi vil?
Drømmer og utopier sier de kloke menn,
de som er kalde av hjertet. Hør ikke på dem lenger!
Livet er ikke bare hus og mat og penger.
Vi er bestandig på vei, bestandig et stykke lenger,
alltid på vei mot menneskehetens seir eller nederlag.
Det haster, det haster i dag!

Vær utålmodig, menneske!
Sett dine egne spor!
Det gjelder vårt evige korte liv.
Det gjelder vår jord.

Ja, me hører til dei som trur på utopien, at livet er meir enn hus, mat og pengar, meir enn berre våre næraste. «Noget er større enn dig. Der er bjerge med sne. Der er dyrere ting enn ditt liv. Du skal kjempe for det.» Men det hastar. Ver utålmodig logebror. Sett dine egne spor.